



INFORMASJON OM SØKER

- En søknad må alltid ha én søker som har ansvaret, selv om flere samarbeider om prosjektet.
- Tilskudd som Helsedirektoratet innvilger, utbetales alltid til den virksomheten som har ansvaret.
- Dersom flere virksomheter eller organisasjoner samarbeider skal dere forklare hvem dere samarbeider med og hva samarbeidet består av.
- Med prosjektet menes i skjemaet både prosjekter, tiltak eller aktiviteter som det søkes om tilskudd til.

Skjema er utfylt av

Fornavn	Else-Marie
Etternavn	Aarø
Tittel	seniorrådgjevar

Organisasjonsnummer	NO 938 626 367 mva.
Organisasjonsnummeret må være basert på en juridisk enhet.	

Organisasjonsnavn	Hordaland fylkeskommune
Organisasjonsnavnet må være identisk med enhetsregisteret i Brønnøysundregistrene	

Adresse	PB 7900
---------	---------

Postnr./-sted	5020 Bergen
---------------	-------------

Organisasjonsform	FYLK
-------------------	------

E-postadresse	hfk@hfk.no
Postmottak/ offisiell e-postadresse til søker	

Webadresse	www.hordaland.no
------------	------------------

Kommunennummer	Klikk her for å skrive inn tekst.
Kun for kommuner	

Kontonummer	5201 06 74239
-------------	---------------

Merknad på utbetaling	E-faktura 9386:938626367 Merk nr 160 175
Oppgi hvilken merknad dere ønsker på innbetalingen dersom dere får innvilget tilskudd – maks 40 tegn	Aarø

Klikk her for å skrive inn tekst.

Klikk her for å skrive inn tekst.

Klikk her for å skrive inn tekst.

Klikk her for å skrive inn tekst.

Klikk her for å skrive inn tekst.

Kontaktperson

Oppgi minst én person Helsedirektoratet kan kontakte dersom vi har spørsmål om søknaden.

Fornavn	Mette Nora
Etternavn	Sætre
Telefonnummer	+ 47 99 50 97 24
E-postadresse	Mette.Nora.Sætre@hfk.no

Fornavn	Else-Marie Brobakke
Etternavn	Aarø
Telefonnummer	+ 47 92 47 97 90
E-postadresse	Else-marie.aaro@hfk.no

Organisasjonsstruktur

☒ Vi er et statlig, fylkeskommunalt eller kommunalt forvaltningsorgan - organisasjonsoversikt ikke nødvendig

Samarbeidspartnere i prosjektet

☒ Prosjektet utføres i samarbeid med andre virksomheter

Samarbeidspartnere

Skriv inn informasjon om alle andre virksomheter eller organisasjoner dere samarbeider med om prosjektet/tiltaket. Skriv inn kommunenummer for alle kommuner.

Askøy kommune: kommunenr. 1247
Bømlo kommune: kommunenr. 1219
Fjell kommune: kommunenr. 1246
Stord kommune: kommunenr 1221

Hordaland fylkeskommune
Høgskolen i Bergen

Hva består samarbeidet av

Gjennomføring av metode, kartlegging og utviklingsprosjektet Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse i Hordaland. Eit samarbeid mellom kommunane Askøy, Bømlo, Fjell og Stord og Hordaland fylkeskommune. Kommunane utviklingar lokale prosjekt ut i frå lokale føresetnader og behov, og med lokale prosjektskildringar. Første prosjektåret er nytta til å etablere prosjektet både regionalt og lokalt.

Kommunane gjennomfører prosjektet i tråd med prosjektsøknad/plan. Har etablert prosjektleiing/forankring i eigen kommune, og lokal prosjektorganisering for å gjennomføre medverknadstiltak med brei tilnærming (befolkningsretta). Nyttar relevante kvalitative kartleggingsmetodar og dokumenterer bruken av desse. Utviklar system/struktur for implementering av resultat inn i oversiktsdokument og planar for å få fram innbyggjarane sine perspektiv. Deltak i og bidrar til kompetansehevingstiltak/samlingar lokalt og regionalt. Bidreg til rapportering/erfaringsdeling/evaluering av dei lokale prosjekta.

Avtale om «følgje-med» oppgåver er under inngåing med Høgskulen i Bergen knytt opp til kompetanseområder som involvering av barn og unge, deltaking og medverknadsprosessar, skule og læremiljø, nærmiljøutvikling, fysisk utemiljø og planlegging. HIB skal i tillegg til følgje-med rapport bistå med kunnskapsformidling og utviklingsstøtte, bidra med prosesskompetanse og vere dialogpart.

Fylkeskommunen sin rolle som prosjektleiar er å legge til rette for kartlegging, samhandling, kompetanseheving, kunnskapsoverføring lokalt, regionalt og nasjonalt. Fylkeskommunen har sett saman prosjekttressursar frå Analyse, utgreiing og dokumentasjonsgruppa, planseksjonen, lokalsamfunnsutvikling og folkehelse for å støtte opp under kommunane sitt pågåande arbeid. Som prosjekteigar har Hordaland fylkeskommune ansvar for å innrette samarbeidet slik at kommunane kan utvikle kvalitativt gode metodar i kartleggings- og medverknadsarbeidet og få fram gode døme.

TILSKUDDSDORDNING

Tilskuddsordning

-Kartlegging og utviklingsarbeid om «NÆRMILJØ OG LOKALSAMFUNN SOM FREMMER FOLKEHELSE» - Tilskudd Kap. 719.60.

År dere søker om å motta tilskudd NOK 2 000 000

☒ Videreføring av prosjekt som har fått tilskudd av Helsedirektoratet

Helsedirektoratets referanse

Saksnummer, merket "vår referanse" i siste brev dere mottok under denne ordningen.

15/7495-3

PROSJEKTBEKRIVELSE

- Beskriv prosjektet, tiltaket eller aktiviteten dere søker om tilskudd til, og målene med dette.
- Helsedirektoratet legger særlig vekt på måloppnåelse i prosjektene ved vurdering av søknadene.

Tittel for prosjektet

Skriv inn en tittel som er beskrivende for prosjektet - maks 100 tegn.

Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse i Hordaland

Kort beskrivelse

Skriv en kort beskrivelse av prosjektet - maks 300 tegn.

«Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse i Hordaland» er eit metode (kvalitativ kunnskap), kartlegging og utviklingsprosjekt i samarbeid mellom kommunane Askøy, Bømlo, Fjell, Stord og Hordaland fylkeskommune. Resultata frå arbeidet skal gi nytt og breiare plangrunnlag. Dei fire prosjektkommunane i Hordaland er alle kyst- og vekst kommunar, men med noko ulikt lokalt utfordringsbilde.

Prosjekteigaransvaret er lagt til fylkeskommunen. Kommunane utviklar lokale prosjekt ut i frå lokale føresetnader og behov. Dette bidreg til innovasjon og nyutvikling på folkehelseområdet regionalt med god lokal forankring. I dette ligg at samarbeidsmodellen er framtidsretta og desentralisert. Dette gjev rom for gode lokale døme som kan ha relevans for andre kommunar i Hordaland. Gjennom prosjektet er målet å få meir innsikt i korleis folk i fylket har det der dei bur, og korleis innbyggjarane i kommunane opplever lokalsamfunna sine. Kva er viktige kvalitetar i nærmiljøet for helsa og trivselen til folk? Denne kunnskapen er vanlegvis ikkje tilgjengeleg for dei som planlegg utviklinga i kommunane. Prosjektet kartlegg nærmiljø og lokalsamfunn i relasjon til folkehelse i dei fire kommunane ut i frå ulike ståstad som: trygge skuleveggar og snarveggar, utvikling av helsefremjande nærmiljø i tre ulike lokalsamfunn, trivelege nærmiljø og gode møteplassar, samt medverknad for mobbefritt oppvekstmiljø. Alle kommunane sine prosjekt inneheld innovasjonsrom. Eit felles innsatsområde i prosjektkommunane er oppvekstmiljøet for barn og unge. I dette ligg samhandling med skulane i kommunane om utvikling av verktøy for kvalitativ kartlegging knytt til demokrati og medverknadsprosessar for barn og unge. Kommunane hentar også inn folkeleg kunnskap frå andre aldersgrupper, ungdom og vaksne. I fleire av prosjekta er også målgruppa eldre. Eit mål for kommunane er deltaking frå grupper kommunane vanlegvis ikkje når ved tradisjonelle medverknadsmetodar. Medverknad-arenane er også til dels nye i kommunal plansamanheng. Prosjektet legg vekt på samarbeid, kompetansedeling og erfaringsdeling på tvers av sektorar og mellom forvaltingsnivå.

Bakgrunn for prosjektet

Beskriv hvorfor prosjektet er nødvendig og beskriv prosjektets eventuelle historikk i korte trekk.

Nærmiljø- og lokalsamfunnsutvikling er dei seinare åra løfta fram som eit stadig viktigare innsatsområde og utviklingsområde i folkehelsepolitikken. Hordaland fylkeskommune har i rolla som regional utviklingsaktør eit særleg ansvar for å implementere det nasjonale bidraget inn i fylkeskommunalt utviklingsarbeid og legge til rette for samhandling, kompetanseheving, kunnskapsoverføring, samt utvikling av folkehelsearbeidet i fylket i tett samarbeid med kommunane.

Breiare kunnskapsgrunnlag om kva faktorar og utviklingstrekk i nærmiljøet som kan verke inn på helsa er eit strategisk utviklingsområde knytt til delmål 2.1 i regional plan for folkehelse 2014-2025: Gode, trygge og aktive nærmiljø for befolkninga. Det er fylkeskommunen si interesse og i tråd med rolla som regional utviklingsaktør innan folkehelseområdet, og bidra til arbeidsprosessar der folkehelsekartleggingar gjennom medverknad får ein meir sentral plass og tettare kopling inn mot den kommunale planlegginga.

Prosjektkommunane i Hordaland har alle synleggjort viktige lokale folkehelseutfordringar i nærmiljø- og lokalsamfunnsutviklinga gjennom søknader i 2015. I kommunane sin motivasjon for deltaking ligg det og ein intensjon om å få meir kunnskap om korleis eigne lokalsamfunn verkar inn på folkehelsa. og ikkje minst få breiare erfaring med deltakande metodar for å hente inn kunnskap som grunnlag for gode plan- og avgjerdsprosessar.

Prosjektstart var vinteren 2016. I 2016 er det etablert prosjektorganisasjon både i fylkeskommunen og kommunane, gjennomført forankringsarbeid, utvikla prosjektplanar og sett i verk kompetanseheevande tiltak på nærmiljø, medverknad/deltaking og mobilisering, metodar og planlegging.

Kommunane er i gang med å identifisere og bruke medverknadsmetodar i tråd med kommunane sine innsatsområder (pilotar eller trinn ein) i dei kommunane prosjekta. Kommunane viser tydelig bruksnyttan av breiare datatilgang inn i kommunal planlegging. Det er forventa å få fram gode døme i 2017/18. Status rapportar frå kommunane er tydelege på at vidareføring av prosjekta slik som planlagt for 2017 er viktig for kommunane for breiare kunnskapsgrunnlag i oversiktsarbeidet, god måloppnåing og god tiltaksutvikling inn mot planar. Prosjektet har så langt bidrege til engasjement i deltakande lokalsamfunn, auka samhandling internt i kommunane og mot sektorar som tidlegare har vore lite involvert i folkehelsearbeid, samt samarbeid og mobilisering av frivillig sektor. Kopling mot kommunale planar gjev prosjektet god legitimitet.

Målene for året dere søker tilskudd. Kva vil dere oppnå dersom dere får innvilget tilskudd?

Felles hovudinnsatsområder i 2017 er å vidareføre arbeidet med å utvikle kartleggingsmetodikk/ metodar for vidareføring av prosjekta. Få til gode prosessar for brei medverknad i lokalmiljøa. Vidare utvikle etablert tverrsektorielt samarbeid knytt opp til prosjekta. Vidareføre samhandling med frivillig sektor. Vurdere innsamla materiale for identifisering av innsatsområder inn mot ulike kommunale planar, og utvikle system for dette arbeidet. Kompetansebygging særleg innan analyse av kvalitative data, medverknadsarbeid retta mot felles målgrupper i prosjektet, dialog og prosessamlingar, kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling, formidlingsarbeid. Rapportering og evaluering.

Alle prosjektkommunane har utvikla lokale mål og delmål som støttar opp under dei nasjonale måla. Målområda syner kva lokale innsatsområder kommunane har sett. Nærmare om tiltak under punktet om tiltak og framdriftsplan.

1) Askøy kommune sine mål for prosjektet er:

Auke kvalitativ kunnskap om oppvekstmiljø gjennom barn og unge sin medverknad.

Hovudinnsats i 2017 for å nå måla er:

Bygge vidare på grunnlagsarbeidet lagt i 2016 for å etablere prosjektet internt i kommunen. Prosjektet utfordrar samarbeidet mellom skule og kommuneplanlegging på ein måte ein ikkje har nytta i kommunen tidlegare. Det har derfor vore nødvendig å tydeliggjere målet med prosjektet. Fokus i 2016 har derfor vore på prosess, forankring og etablering av ei tverrfaglig fungerande prosjektgruppe. Slik prosjektet no er rigga er det godt forankra i kommuneplanens samfunnsdel og i program for mobbefri oppvekst. Hausten 2016 blir brukt til metodeutvikling med fokus på gjennomføring tidlig vår 2017. Utprøve metodar for medverknad (metode og prosess) ved pilotskule. Skal evaluere nytte og gjennomføring etter pilot og deretter vurdere trong for andre metodar. Datainnsamling hovudprosjekt våren 2017. Dataanalysar, evaluering.

2) Bømlo kommune sine mål for prosjektet er:

Hovudmål: Bømlo kommune, med ein desentralisert busetnad, skal ha nærmiljø og lokalsamfunn som bidrar til å fremje folkehelse der folk bur.

Delmål:

Auke kunnskapen om korleis nærmiljøet påverkar folkehelsa i små lokalsamfunn, og om ulike nærmiljø i same kommune gir ulik påverknad på helsa. Identifisere positive og negative faktorar i dei ulike lokalsamfunna.

Teste ut kombinasjon av ulike metodar for kartlegging av folkehelse og nærmiljø

Utvikle eigna metodar for samarbeid mellom kommune og nærmiljø, gjennom å utvikle gren-dalaga som paraplyorganisasjon og talerør for frivillige organisasjonar og befolkninga i lokal-samfunnet, og som mellomledd mellom lokalsamfunnet og kommunal administrativ og politisk leiing.

I samarbeid med nærmiljø og grendalag legge grunnlag for konkrete tiltak som kan utvikle nærmiljøet i helsefremjande retning. Mobilisering og eigarskap er viktige faktorar.

Hovudinnsats i 2017 for å nå måla er:

Bygge vidare på erfaringar frå medverknadsprosessar og kunnskapsinnhenting frå lokalsamfunna i 2016.

Vidareutvikle samarbeidet med grendelaga i dei tre lokalsamfunna. Dette sidan mesteparten av folkehelsearbeidet føregår i lokalsamfunna, gjennom den aktiviteten som vert generert av lag og organisasjonsarbeidet. Her er samarbeid med grendautvala avgjerande viktig for å få data om lokalsamfunnet.

Vidareutvikle samarbeidet med skulane i prosjektet.

Vurdere behov for supplerande metodar på grunnlag av innsamla data i 2016 for å mobilisere for god datainnsamling i nærmiljøa med å så brei deltaking som mogeleg.

Gjennomføre to kartleggingsrundar i nærmiljøa.

Dataanalysar. Hente ut kunnskap inn mot arbeid med ny kommuneplan i 2017.

Evaluerings.

3) Fjell kommune sine mål for prosjektet:

Kartleggje barns noverande bruk av aktiv transport til skulen, med formål om å få fleire til å gå eller sykle til skulen samt redusere biltrafikk.

Hovudinnsats i 2017 for å nå målet er:

Presentere resultat frå piloten for vegmynde, som har ansvar for trafikkisikring og bygging av gang- og sykkelveg.

Etablerer samarbeid med samferdselsavdelinga, som skal ta over prosessen for å setje i gong tiltak på Bjørøy. Gjennom kommunedelplan for trafikkisikring 2017-2020 som skal handsamast politisk hausten 2016, er det føreslått å setja av 1,5 mill. til oppfølging av prosjektet, gjennom å opparbeida ein eller fleire snarveg på Bjørøy.

Byrja vidareføring av Trafikkagenten-appen til alle barneskulane i Fjell. Basert på erfaring frå Bjørøy vil det vil vera hensiktsmessig å gjennomføre kartlegginga i 5.-7.klasse.

Sjå på moglegheita til å bruka Trafikkagenten på ungdomsskulane.

I samband med samferdsel og skuleeininga vurderer kva skular ein skal ta tak i for vidareføring av snarveg-prosjektet og workshop med kart. Det vil ikkje være hensiktsmessig eller strukturelt mogleg for alle skular å danne ein snarveg, og det vil krevje mykje av lærarane som blir med. Ein er difor avhengig av å få med engasjerte tilsette i skulen og områder der det er moglegheiter for å klare å gjennomføre eit slikt prosjekt. Det er heller ikkje alle velforeiningar som er like aktiv, så her blir ein nødd til å gjere lokale vurderingar og tilpassingar. Tal på skular avheng av grad av midlar kommunen får tildelt frå prosjektet. Kartlegginga av eksisterande og ønskja snarveg skal nyttast i kommunal planlegging.

4) Stord kommune sine mål for prosjektet er:

Brei innbyggjarmedverknad i arbeidet med kommuneplan og områdeplanar

Få fram lokal kunnskap og lokale behov i planlegginga av gode møteplassar og trivsel-fremjande nærmiljø.

Utvikle og få erfaring med gode metodar for å hente inn lokal kvalitativ kunnskap og skape lokalt engasjement som grunnlag for nærmiljøprosessar

Stimulere til etablering av forpliktande lokale nettverk knytt til planprosessen

Hovudinnsats i 2017 for å nå måla er:

Vidareføre erfaringane frå 2016 til medverknadstiltak i tre nye bydelar. Utarbeide strategi for medverknad i

revidering av kommuneplanen, med særleg fokus på utsette grupper

Gjere prosjektet kjent for innbyggjarane og alle relevante aktørar. Inngå samarbeid med barnehage- og skulesektoren for involvering av barn/unge. Invitere organisasjonar, råd og utval som representerer ulike innbyggjargrupper til å delta. Leggje vekt på medverknad også i planlegging av prosess/tiltak.

Etablere arbeidsgrupper med ansvar for praktisk gjennomføring av medverknadstiltak i barnehagar, skular og i nærmiljø. Gjennomføre medverknadstiltak med brei tilnærming som del av kommuneplanprosess. Analysere, samanfatte og presentere innspel. Integrere innbyggjarane sine perspektiv i ny kommuneplan og i oversiktsdokument for folkehelse.

Metoder kunnskap eller erfaring

Beskriv hvilke teorier / faglige metoder dere benytter i prosjektet eller hvilken kunnskap/erfaring dere bygger på.

Dei ulike prosjektkommunane har valt å prøve ut ulike faglege metodar i prosjekta sine knytt opp til dei ulike lokale problemstillingane kommunane vil undersøke. Det ligg derfor ulik kunnskap til grunn.

1) Askøy kommune tek utgangspunkt i eige kunnskapsgrunnlag ved val av innretning på prosjektet.

Kommunen er ei «ung kommune» i betydninga av høg andel barn og unge, med stort press på skular, barnehagar og andre tenester retta mot barn og unge. Prosjektet Medvirkning for mobbefritt oppvekstmiljø er ein del av eit tverrsektorielt programområde Mobbefri oppvekst. Mobbefri oppvekst skal vere ei brei mobilisering for å sikre gode oppvekstmiljø. Kommunen arbeider derfor målretta med å finne fram til nye metodar for deltakande kunnskapsinnhenting. Metodane skal auke kunnskapen om kva som er viktig for barn og unge for å ha det bra – heime, på skulen og i fritida? Det pågåande arbeidet er ein modningsprosess, men har som mål å få fram kunnskap retta mot auka trivsel sett frå barn og unge sitt perspektiv. Korleis opplevast oppvekstmiljøet i dag? Korleis vil vi ha det? Kva skal vi gjere for å kome dit? Førebelse planar: utprøve metodar for medverknad (metode og prosess) ved pilotskule valt hausten 2016 (i samarbeid med Høgskolen i Bergen). Skal evaluere nytte og gjennomføring etter pilot og deretter vurdere trong for andre metodar. Datainnsamling hovudprosjekt våren 2017. Medverknad frå befolkninga/målgruppe: Barn og unge i Askøy (ungdomsskule, vidaregåande skule), skuleleiing, FAU og andre aktørar i nærmiljøet til den valde skulen).

2) Bømlo kommune byggjer prosjektet sitt på eit kunnskapsgrunnlag som mellom anna Dahlgreen og Whitehead sine tankar om at folk si individuelle helse har samanheng med strukturelle faktorar i samfunnet. Samstundes viser studiar at det er trong for meir kunnskap om tiltak i bo- og nærmiljø for å fremje sosial kontakt, sosiale nettverk og sosial støtte i befolkninga. Kommunen gjennomfører derfor i oktober 2016 breie medverknadsprosessar i tre ulike lokalsamfunn. Målet er å oversikt over alle aktivitetar/fritidstilbod i dei tre lokalsamfunna. Dette gjennom kartlegging og registrering av aktivitetstilbod (element av sosiokulturell stadsanalyse/social-spatial methodology) og «Ut av huset-kartlegging»/ Semi-kvantitativ metode (Element av sosiokulturell stedsanalyse (social-spatial methodology)).

Deltakarprosessane skal gje oversikt over kvar folk går når dei ikkje er heime/på skule eller arbeid. Det er også lagt opp til spørjeundersøking med opne spørsmål for å få meir innsikt i kva påverknad folk tenkjer lokalsamfunnet har på helsa. Målgruppene er barn og unge i skulen og personar mellom 67-79 år frå dei tre lokalsamfunna. Det er eit ynskje å få så brei deltaking frå dei valde aldersgruppene som mogleg, for å få fram breidda i dei tilbod som fins i lokalsamfunna. Dei metodane som er nytta i 2016 skal evaluerast for vurdering av om dei skal supplerast eller erstattast a andre. Bakgrunn for dette er at målsetjinga i prosjektet sin første del er å vere opne utan å legge føringar. Det er opna opp for breiare datainnsamling både vår 2017 og haust 2017.

Mogelege metodar er: Digital historieforteljing. Særleg aktuelt i øysamfunnet Espevær med få barn/unge. Kan vere aktuelt for heile barneskulen og ungdomsskuleelevene.

Kreativ verkstad?. Korleis er ynskjesamfunnet 10 år fram i tid? I samarbeid med skulene og grendautvala. Metodikk frå «Forandringsfabrikken?» Kafedialog? Vurdere metode ut frå tilbakemelding på spørjeskjema og erfaringar frå liknande metode på Langevåg. Demografiske data frå SSB

3) Fjell kommune har i 2016 gjennomført pilot ved Bjorøy skule ved brei mobilisering av både skuleelevar, ungdom og vaksne. Målet har vore å finna metodar som kartleggjer opplevinga skuleelevar og den øvrige befolkninga har når dei bevegar seg på vegnettet, og potensialet for snarvegar i terreng. Kommunen har som mål å utvikle nokre snarvegar og har sett av midlar til tiltak som del av trafikksikringsarbeidet. Pilotprosjektet på Bjorøy skule har så langt vore svært vellukka og har satt store delar av befolkninga på øya i sving. Med eldsjeler på laget frå både skule og velforeining har det vore gode medverknadsprosessar og stort engasjement. Kommunen ønskjer på sikt å vidareføra nærmiljø- og folkehelseprosjektet til alle skulane i kommunen.

Kommunen vil i 2017 vurdere trafikkagenten-appen til alle barneskulane i Fjell. Applikasjonen kan brukast inn i både kroppsøving- og geografiundervisninga og læraren kan sjølv velje kor mykje tid dei vil bruka på denne, då dei har eigen tilgong til programmet og resultata frå elevane. Basert på erfaring frå Bjorøy vil det vil vera hensiktsmessig å gjennomføra kartlegginga i 5.-7.klasse. –Andre supplerande metodar som skal vidareførast er Mental Mapping (Kevin Lynch) og Workshop, samt kart-digitalisering. Målgrupper er skuleelevar i grunnskulane i kommunen, vurderer evt. ungdomsskulane, samt vaksne og seniorar.

4) Stord har valt å knytte prosjektarbeidet til medverknadsprosessar i kommunalt planarbeid. Våren 2016 vart det gjennomført eit kommunalt prosjekt – Innbyggjarmedverknad i kommunedelplan – med mål om brei medverknad frå alle grupper i planlegging av triveleg nærmiljø og gode møteplassar i bydelen Sagvåg/Litlabø. Erfaringane frå dette prosjektet er gode, og kommunen ønskjer å bruke desse inn i nye planprosessar – kommunedelplan for sentrum og revidering av Kommuneplanen. Fokus for prosjektarbeidet vil også her vere trivsel og gode møteplassar. Medverknadsprosessen skal knytast til planlegging av gode møteplassar og eit triveleg og levande nærmiljø. Andre plantema er ikkje inkludert. Det skal vere fokus på involvering av grupper som til vanleg deltek lite i plan- og utviklingsarbeid. Barn/unge, eldre, innvandrarar og personar med låg inntekt skal ha særskilt merksemd.

Metodar nytta i 2016 og som skal vidareførast er: 1.Samarbeid med barnehagar og skular på ulike utdanningstrinn for å hente inn kunnskap frå barn og unge gjennom bruk av ulike metodar. 2. Stand på nærbutikk med semistrukturert intervju / kvalitative spørsmål. 3. Fokusgrupper i etablerte nettverk/forum.

Medverknad frå befolkninga/målgruppe: Målgruppa er alle innbyggjarane i kommunen, med fokus på grupper som har vanskar med å bli høyrte. Medverknad frå barn og unge er særskilt vektlagt. Det skal etablerast tverrsektorielle arbeidsgrupper med innbyggjarrepresentantar som skal planlegge og gjennomføre medverknadstiltaka. Kunnskapsutvikling og erfaringsdeling i prosessen inngår i målsetjinga.

Tiltaks- og fremdriftsplan for året dere søker tilskudd

Sett inn de viktigste tiltakene for å nå målene for prosjektet og angi gjerne måned for gjennomføring.

Tiltaks- og framdriftsplanen er bygd opp ved at i planen for HFK er teke inn felles aktiviteter i det overordna prosjektet. Hovudmøtepælar sett inn for kommunane enkeltvis. Grunnen er at kommunane gjennomfører ulike hovudaktivitetar og til ulik tid.

HFK hovudaktivitetar - tiltak	2017	2018
<i>Reiser, arrangement, møter og konferansar</i>		
Kompetanseheevande program – samlingar lokalt, regionalt		
Analyseverktøy for å nytte kvalitative data – og prosessar	vinter/ haust	vinter
Temadagar. Relevante prosjekttema	vår	vår
Anna – nye behov i kommunane	x	x
Erfaringsamlingar og prosessamlingar – lunsj til lunsj		
2- 3 heile prosjektgruppa deling av erfaringar og kunnskap	Vår/haust	Vår/haust

Kunnskapsdeling med Rogaland/førebels	Haust	
Ny erfaringsdeling med øvrige kommunar Hordaland	Haust	haust
Sluttsamling i Hordaland		haust
Konsulenttenester		
Legge til rette for samhandling med utdanningsinstitusjon	x	x
Legge til rette for studentoppgåver frå prosjekta/førebels	vår	
Trykking og publikasjonar		
Utvikle felles rapportar når kunnskapsgrunnlaget er ferdig	x	x
Formidling		
Ferdigstille formidlingsplan	vinter	
Fortsette arbeidet med kunnskapsdeling frå prosjektet på naturlege arenaer	x	x
Evaluering og rapportering		
Løpande rapportering styringsgruppe, politisk nivå, H dir – gjeld også kommunane	x	x
Utvikle evaluering prosjektdeltakarar - aktørperspektivet	x	x
Statusmøter med enkelt kommunane -årleg Status og oppsummering	vår	haust
Sluttevaluering – følgje med rapport		haust
Hovudaktivitetar – tiltak kommunane.		
Vidareutvikle prosjektplanar for 2017 og 2018	jan	jan
Hovudaktivitetar Stord Kommune		
Skape felles forståing og utarbeide felles mal/retteleiar for medverknadsprosessar i skular/barnehagar og i nærmiljøa	Des 16/januar	
Gjere prosjektet kjent for innbyggjarane og relevante aktørar	vår	
Gjennomføre medverknadstiltak - ny kommuneplanprosess	vår	
Samle og systematisere innspel og sørgje for at innbyggjarane sine perspektiv kjem fram i kommuneplanen	Vår-haust	
Integrere innspela i kommuneplan	haust	
Medverke til utforming og etablering av tiltak		2018
Dele erfaringane frå prosjektet internt og eksternt		2018
Intern evaluering og rapportering		2018
Bømlo		
Gjere prosjektet kjent for innbyggjarane og relevante aktørar i dei tre lokalsamfunna – vidareutvikle samarbeidet med g rendelag og skular	2017	2018
Analyse av innsamla data frå prosessar hausten 16	vinter	
Utvikling av kartleggingsmetodikk – prøve ut metodar og vurdere nye på grunnlag av analyseprosessar	Vår til haust	
Datainnsamling 2: Mobiliseringsarbeid og medverknadsprosessar i nærmiljøa	Vår til haust	
Analyse av innsamla data frå prosessar hausten 17		Feb-mars 18
Integrere innspela i kommuneplan og andre planar	x	x
Utvikle system/struktur for implementering av resultat inn i plan og oversiktsdokument – integrere innbyggjarane sine perspektiv		
Medverke til utforming og etablering av tiltak		
Dele erfaringane frå prosjektet internt og eksternt		
Intern evaluering og rapportering		
Askøy		
Oppstart pilotprosjekt – samarbeid med skule	H-16/vinter 17	
Metodeutvikling Utvikling av kartleggingsmetodikk – prøve ut metodar	H-16/vinter 17	
Mobiliseringsarbeid i nærmiljøa Gjennomføring – valgt metodikk / datainnsamling pilotskole	Vår 2017	

Evaluering av metode og analyse av innsamla data	Etter påske 17	
Prosjektrapport som grunnlag for evaluering	Haust 2017	
Medverke til utforming og etablering av tiltak - Utforme tiltak for implementering i kommunale planar		2018
Utvikle system/struktur for implementering av resultat inn i plan og oversiktsdokument – integrere innbyggjarane sine perspektiv		
Dele erfaringane frå prosjektet internt og eksternt	2018	2018
Intern evaluering og rapportering	2018	2018
Fjell		
Oppfølging av pilot	2017	2018
Presentere resultat frå piloten for vegmynde med ansvar for trafikksikring og bygging av gang- og sykkelveg	vår	
Etablere samarbeid med samferdselsavdeling	vinter	
Vidare utvikle systematikk og gjennomføre medverknadstiltak med brei tilnærming	x	x
Vidareføra Trafikkagenten-appen til alle barneskulane i Fjell. 5-7 klasse (tal skular avhengig av storleik på prosjektstøtte)	2017	2018
Vurdere moglegheita til å også bruka Trafikkagenten på ungdomsskulane.	vår	
Merknad: I samband med samferdsel og skuleeininga må det vurderast kva skular ein skal ta tak i for vidareføring av snarveg-prosjektet. Det vil ikkje være hensiktsmessig eller strukturelt mogleg for alle skular å danne ein snarveg, og det vil krevje mykje av lærarane som blir med. Ein er difor avhengig av å få med engasjerte tilsette i skulen og områder der det er moglegheiter for å klare å gjennomføra eit slikt prosjekt. Det er heller ikkje alle velforeiningar som er like aktiv, så her blir ein nødd til å gjere lokale vurderingar og tilpasningar.		
Velje ut skular og velforeiningar der det skal gjennomførast gruppearbeid med kart, på same måte som på Bjørøy.	2017	2018
Integrere innspela i kommuneplan og trafikksikringsarbeidet	x	x
Utvikle system/struktur for implementering av resultat inn i plan og oversiktsdokument – integrere innbyggjarane sine perspektiv	2017	2018
Dele erfaringane frå prosjektet internt og eksternt		2018
Intern evaluering		2018

Risikofaktorer

Hvilke faktorer gjør det usikkert at dere når målene, selv om dere mottar tilskudd fra Helsedirektoratet?
Risikofaktorer (kva faktorer gjer det usikkert at dere skal nå måla, sjølv om dere mottek tilskot frå Helsedirektoratet?)

Risikovurderinga frå 2017 er i tråd med vurderinga frå 2015. Kommunane syner stor grad av prosjektframdrift og gjennomføringskraft i tråd med vurderinga knytt til liten risiko i søknaden. Tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet vert vurdert som ein viktig faktor for prosjektutviklinga i kommunane. Tilskot til kommunane er naudsynt og ein viktig faktor for å gå god prosjektgjennomføring. I kommunane er prosjektet tufta på kommunane sin trong for utvikling innafor område dei har valt sjølve. Dei har teke utgangspunkt i oppgåver og arbeidsområde dei likevel ville gått inn i, og som dei no kan gjere kvalitativt betre i eit slikt samarbeid. Kommunane legg og vekt på god politisk, administrativ og fagleg forankring som gir status til prosjektet. Prosjektet er styrka ved samarbeid med utdanningsinstitusjon.

Å finne fram til gode metodar som gjer god anvendbar kunnskap, er kvalitative, anvendbare og reproduserbare for kommunen og andre er ein kritisk faktor for prosjektet. Samarbeid med Høgskulen i Bergen bidreg til å svekke denne risikoen og til å styrke arbeidet med å finne og prøve uteigna metodar.

I Hordaland fylkeskommune er prosjektet forankra hos fylkesdirektøren for regional utvikling og prosjektet er frå 2016 tiltak i Regionalavdelinga sin verksemdsplan.

Kontrolltiltak

- Beskriv de interne og eksterne kontrolltiltak hos dere som skal sikre korrekt rapportering og at målene nås.
- Beskriv om de gjennomføres allerede eller er planlagte.
- Interne kontrollaktiviteter, internrevisjon, autorisert / ikke autorisert revisor, andre offentlige tilsyn, Riksrevisjonen, evaluering og systematisk kvalitetssikret dokumentasjon er eksempler på kontrolltiltak som kan øke sikkerheten for at målene nås.

Generelt:

Helsedirektoratet sine krav i regelverk og tilskotsbrev ligg til grunn for rapportering på faglege mål – kriterier for prosjektet.

Etablert prosjektorganisasjon med styringsgrupper – både i kommunane og i fylkeskommunen
 Prosjekta er etablert med styringsgrupper både på kommunalt nivå og regionalt nivå.
 Kontroller framdrifta i prosjektet og vedtek overordna føringar og rammer.

C Samarbeidsavtale om «følje-med rolla» med utdanningsinstitusjon under inngåelse.
 Avtale med HiB – utdanningsinstitusjon blir undertekna i november 2016, i tråd med regleverket for ordninga. Deltaking i prosjektmøter, fagsamlingar og i prosessarbeid i kommunane. Skriftleg rapport årleg samt sluttrapport i 2018.

D Samarbeidsavtaler med kommunane

Samarbeid mellom fylkeskommune og kommunar er innretta for å ivareta krav i regelverket for ordninga. Avtaler inngått i 2016. Utbetaling av prosjektmidlar til kommunane gjennom årleg tilskotsbrev så lenge prosjektet vert støtta med midlar frå H.dir.

Økonomisk styring og kontroll

Fylkeskommunen og kommunane føl krav til offentlig rekneskapskontroll og kriteriar i regelverket for ordninga.

Fylkeskommunen

Det er oppretta eige prosjektnummer i rekneskapssystemet frå 01 01 16. Ved mottak av midlar i 2015 er midlar sett inn på folkehelsekonto for utbetaling vidare til kommunane. Grunngeving for at eigen prosjektkonto ikkje vart oppretta ved mottak av midlane av a) uklarheit om deltaking i prosjektet frå HFK pga. nye krav om budsjett nedtrekk og konsekvensar for eigenfinansiering. B) Omorganisering med konsekvens for ny ansvarsstad for prosjektkonto og eige prosjektnummer frå 01 01 2016. Utbetaling til kommunane i 2015 er merka i rekneskapssystemet.

Hordaland fylkeskommune kan gjennom rekneskapssystemet ØKO-FOKUS hente ut rapporter på alle regnskapsnivå. Hordaland fylkeskommune har gode system for revisjon, god internrevisjon og autorisert revisor ved Deloitte. Politisk kontroll ved Kontrollutvalet. Det er offentlig innsyn i dokument. Utbetalningar i prosjektet er sikra gjennom system for attestasjon og tilvising av ulike personar.

Kommunane

Bømlo kommune: Prosjektet har eige prosjektnummer. Det skal utarbeidast årlege rapportar om status for framdrift målt mot vedtatt målsetningar for prosjektet. Ei arbeidsgruppe leda av prosjektansvarleg skal drive arbeidet, og prosjektansvarleg skal rapportere jevnleg om status til kommunen sitt folkehelseforum som vert styringsgruppe. Styringsgruppa består m.a. av øvste adm. leiarar, tre politikarar oppnemnd av kommunestyret der den eine er ordføraren. Forumet er oppnemnd av kommunestyret. Sluttrapport skal utarbeidast og leggst fram for styringsgruppa, samt leverast til Hordaland fylkeskommune.

Askøy kommune: Prosjektet er forankret i samfunnsdelen til kommuneplanen og i rådmannens utviklingsprogram «MobbeFri oppvekst». Prosjekteier er kommunalsjef oppvekst og styringsgruppe for prosjektet er Samarbeidsutvalget for barn og unge (tverrsektorielt faglig/administrativt organ). Ansvarlig for gjennomføringen av prosjektet er lagt til en prosjektleder som leder en tverrfaglig prosjektgruppe. Prosjektet rapporter til prosjekteier og styringsgruppe med løpemeldinger underveis i prosjektet og med sluttevaluering når prosjektet skal avsluttes. I tillegg informeres politisk utval (Utval for oppvekst) underveis i prosjektet. Prosjektet har eget prosjektnummer for føring av kostnader knyttet til prosjektet. Økonomi i prosjektet følger kommunens ordinære system med oppfølging av controller/økonomiavdelingen.

Stord kommune:

Det er intern kontroll av rekneskap i kommunen sin rekneskapsavdeling. Prosjektet blir evaluert internt i høve egne mål. Prosjektleder rapporterer til prosjektansvarleg (rådmann) og til folkehelserådet (administrativ leiargruppe) som er styringsgruppe for prosjektet.

Fjell

Kontostring, der utgifter vert kontrollert og attestert.

Kostnadsstaden vert kontrollert og rapportering vert korrekt via prosjektrekneskapen.

BUDSJETT

Inntekter

-Skriv alle beløp i hele kroner.

-Skriv null dersom en kategori er uaktuell.

Estimert søknadsbeløp (vær realistisk)

2 000 000

-Inkludert ubrukt tilskudd

-Hvor stort beløp søker dere om totalt for året, inkludert ubrukt tilskudd?

-Søk kun om tilskudd for ett år og én ordning om gangen.

Ubrukt tilskudd

-Beløpet skal også inkluderes i søknadsbeløpet.

-Dersom Helsedirektoratet innvilger tilskudd, vil vi trekke fra beløpet ved utbetaling.

-Dersom regnskapet for fjorårets tilskudd ikke er avsluttet, må ubrukte midler beregnes.

Utgifter

-Oppgi budsjett for søknadsbeløpet på følgende kategorier.

-Helsedirektoratet gir ikke tilskudd til alle typer utgifter under alle ordninger - se kunngjøringen.

-Dersom dere får tilskudd, må dere kunne rapportere på disse utgiftskategoriene i tillegg til å sende inn relevante regnskapsrapporter som følger deres inndeling av regnskapet.

-Skriv alle beløp i hele kroner. Skriv null dersom en kategori er uaktuell.

1. Lønnsutgifter med sosiale utgifter	1145000
2. Reiseutgifter, arrangement, møter, konferanser	403 000
3. Konsulenttenester	365 000
4. Trykking, publikasjoner, kunngjøringer, utsending og distribusjonskostnader	67 000

VEDLEGG

-Søknaden kan utdypes i ett eller flere vedlegg dersom det er nødvendig.

-Aktuelle vedlegg er fullstendig organisasjonsoversikt og tilleggsinformasjon til søknad.

5. Investeringer/ inventar/ utstyr	0
Kontroller i kunngjøringen om det gis tilskudd til dette.	
6. Driftsutgifter, forbruksmateriell og kontortjenester	20 000
inkludert lokaler og energi	
7. Andre utgifter	
Spesifiser	
Kroner	
Sum utgifter	2 000 000
Sum utgifter må være identisk med søknadsbeløpet	

Info om andre inntektskilder

Når Helsedirektoratet skal behandle deres søknad om tilskudd, trenger vi informasjon om andre inntektskilder i prosjektet.

Inntekter fra andre kilder

-Redegjør for inntektskilder dere har fått eller har søkt om.

-Oppgi hvor dere har søkt om finansiering, beskrivelse av finansieringen og beløp.

Egenfinansiering/kommunefinansiering

Redegjør for hvor stor egenfinansiering og kommunefinansiering, stillingsressurs eller frivillig innsats som inngår i arbeidet.

Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommunen: lønn m/sosiale kostnader til prosjektleiar 50 % stilling og lønnskostnader til andre ressurspersonar Kr 400 000. I tillegg er driftskostnader i stor grad egen finansiering.

For kommunane samla utgjør estimert egen finansiering i form at arbeidstid for deltakarar i prosjektgrupper, i medverknadsprosessar, reisetid og andre kostnader kr 511 000.

Driftsutgifter er i stor grada som eigebidrag frå kommunane. Eigen finansiering for kommunen er sannsynligvis under budsjett.

Det har vore ein betydeleg innsats frå frivillig sektor. Innsatsen er kostnadsberegna til ca. kr 130 000. Dette vurderast som lavt slik då innsats frå alle kommunar ikkje er medteke i estimert budsjett. *Utrekninga av ".

☐ Vedlegg følger med dette skjemaet når det sendes inn

Beskrivelse av vedlegg

Søknaden sendes til:

postmottak@helsedir.no

eller

Helsedirektoratet
Postboks 7000

GODKJENNING

- Søknaden skal være godkjent av styreleder eller den som har prokura.
- For kommuner og fylkeskommuner skal søknaden være godkjent av rådmannen eller den rådmannen har delegert myndigheten til.
- Skjema skal signeres av den som har godkjent søknaden og prosjektleder.
- Vi godtar elektronisk innsendt søknad med skannet signatur.

Den som godkjenner skal:

- Kjenne til vilkårene og kravene i kunngjøringen.
- Godkjenne at opplysningene i søknaden er korrekte og et godt grunnlag for å vurdere å tildele statstilskudd

Dato 09.11.2016

Signatur 1: Rådmann eller leder rådmann
har delegert myndighet til

Mette Nordset

Signatur 2: Prosjektansvarlig/leder

Eise-Mari B. Aarø

Tittel/ rolle godkjenner

Jegund R. Birkehaugen

St. Olavs plass
0130 Oslo